

berg song

Tekst: Håkon Lie

Musik Trygve Bræin.

Friskt

Der mjösa ligg blank og tek
 lägen i mot som isgrin har brögt sig or berg heim og gjöf og hilsing fri
 höghjället delalangs sender, der sin det i fäberg der gardar og grenar ligg
 kunnas av stög och der smilande stränder.

poor tempo

1-

sista vers.

Fåbergssongen.

AV HAARON LIE.

Der Njessa ligg blank og tek vågen imot
som isgrøn har brøytt seg or bergheim og grjot
og helsing frå heggjellet dalalangs sender,
der skia det i Fåberg, der gardar og grender
ligg kranse av skog ved dei snillande strender.

Ein svalande vind ifrå fjellbrun og dal
slår portane opp til ein hegeloftssal
der langt nord mot Dovre, med sus av det ville;
men her er det hengjebjørk-hegn kring det milde
som kviler i tunet i sumarkveld-stille.

Og folket som bur mellom skogås og strand
får svip av det sterke og venlege land,
der skogtunge åsrygger morgonljøs fangar
og heggen ved solbrune stovevegg angar
mot ljøsleitte bjærker kring vollar og vangar.

Uteljande solsprett på Heverfjell rann
med ett etter etter ei odelsjord vann.
Or disse i segner og fornøge dagar
ei buande bygd som av sanning seg lagar
lik fruktene forrest i fredfulle hagar.

Her fedrane bygde i hundretal år
og rудde og busde i skiftande kår.
Om rikere landnaa dei dikta og drøymde;
men ofte vart drauman i hard-tider gloynde
og bort likaom hauglagde skattane gøynde.

Når vår-kveiken vakna i teinar og tre,
kom ofte ei kaldnatt og frøyste det ned.
Men våren kom atter med søvjer som flødde,
og sår som i svartåra brende og blødde,
vart atter i solrike grotider gredde.

So gjeld det å lera av tider som kvarv,
at ikkje å nye vi hauglegg vår arv.
Vi visdom og vilje or gardssoga hentar
og odlar på eiga som ligg der og ventar,
og nyrita runer i sogebok prentar.

For skal ikkje åkrane armast i grend,
så framtida forrest av nybrytar-menn
som magre og nosegrå vollar kan vende,
og vekkja og verma og lysa i grenda,
og grønne tankar i mannahug tenne.